



Politiet rosar innsatsen til jentene med å berga mannen frå det som kunna enda med drukning i Husnes Båthamn. F.v: Ragnhild Hauge, Kristiane Skjelnes og Jenny Hellevik Lie.

**Kristiane Skjelnes ( 15 år ) frå Uskedalen var med på ei kritisk berging av person som fall i sjøen i Husnes Båthamn fredag i 14 tida. Kristiane var saman med venninnene Ragnhild Hauge og Jenny Hellevik Lie i grillområde til Båthamna. Brått høyrde dei rop om hjelp og sprang til. Kjapp reaksjon var truleg ein medverkande årsak til at personen vart berga frå drukning.**

Dei 15 år gamle jentene sprang til båtane etter lyden og fann ein person i sjøen. Det var for tungt til å få personen opp på flytebrygga. Då handla dei resolutt. Kristiane og Ragnhild hadde godt grep og heldt mannen, Jenny ringde ambulansen. Ein fjerde person kom også til. Den kritiske fasen varte i om lag 10 minuttar inntil ambulansen var på plass.

Politiet fortel til Kvinnheringen at jentene utførte ei framifrå berging. Den snarrådige innsatsen deira var ei viktig handling for å berga personen frå drukning. Det var truleg eit uhell som førte til at mannen fall i sjøen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Kvinnheringen